

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FA - M30, FE - 223	15/3031

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
145/2015	Formannskapet	PS	02.12.2015
	Kommunestyret	PS	

Reglar om tilskot til separering av private stikkleidningar i Grønlandsområdet

Vedlegg:

Reglar for tilskot til separering

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det er nødvendig å separere avlaupssystemet i Grønlandsområdet fordi det i dag kjem inn store mengder framandvatn i avlaupsrøyra. Ved store nedbørsmengder eller snøsmelting er dette eit problem ettersom kommunen sitt avlaupsreinseanlegg på Varnappen blir overbelasta. Når reinseanlegget ikkje har kapasitet til å ta i mot alt avlaupsvatnet, vil delar av avlaupet gå i overløp, og dermed gå ureinsa på fjorden. Det er kostbart å reinse avlaupsvatn, og det er difor generelt sett uheldig at mykje vatn som ikkje treng reinsing kjem inn på reinseanlegget saman med avlaupsvatnet.

Separeringstiltaket ligg inne i Tiltaksplan for vassforsyning, avlaup og vassmiljø 2015-2019, godkjent i kommunestyret 17.12.2014. Tiltaket er prioritert gjennomført i 2015-2016 jf. økonomiplan investering. Anlegget er no ferdig prosjektert.

I dag er overvatn frå tak- og vegsluk i Grønlandsområdet kopla direkte inn på det kommunale avlaupssystemet. Når prosjektet er avslutta vil alt dette vatnet gå i nye overvassleidningar. Separeringa er eit viktig tiltak for å sikre lengre levetid på kommunen sitt reinseanlegg på Varnappen og for å forhindre forureining av Salhusfjorden. Poenget med tiltaket fall bort dersom grunneigarane ikkje separerer. For å gjennomføre separeringa er det nødvendig at kvar enkelt huseigar koplar om sitt taknedløp. Når kommunen endrer sine leidningar til separatsystem, kan kommunen også pålegge eigedomar i same område å gjennomføre tilsvarande omlegging. Heimel for dette går fram av forurensingslova § 22 annet ledd:

Ved omlegging eller utbedring av avlaupsledningar kan forurensningsmyndigheten kreve at eier av tilknyttet stikkledning foretar tilsvarande omlegging eller utbedring. Også ellers kan forurensningsmyndigheten kreve omlegging eller utbedring av stikkledning, når særlige grunner tilsier det.

Vurdering

Da Grønlandsområdet vart utbygd på 60- og 70-tallet vart bustadeigarane pålagt å kople takvatn til kommunalt spillvassnett. Dette påverker ikkje kommunen sin rett til å kreve separering av overvatn og kloakk. Likevel meiner administrasjonen at det kan vere formålstenleg at kommunen er med og dekker noko av utgiftene den enkelte huseigar vil få med separeringa. Det er ulik praksis i den enkelte kommune, men fleire kommuner har valgt å gi tilskot i form av ein prosentsats av dokumenterte utgifter grunneigar har for separering. Dette er ein praksis administrasjonen meiner kan vere fornuftig for å få gjennomført separeringa på ein effektiv måte.

Følgjande tilskotssatsar for separeringstiltak vert føreslått:

25 % tilskot for	kostnader opptil 10 000 kr
50 % tilskot for	den delen av kostnaden som er over 10 000 kr

Eks. vil eit separeringstiltak som koster 12 000 kr gje 3 500 kr i tilskot. 2500 kr for kostnaden opp til 10 000 kr og 1000 kr for den delen av kostnaden som er over 10 000 kr.

I tillegg vil den enkelte grunneigar få tilbod om å bestille inn kommunen sin entreprenør og røyrleggjar på anlegget til å utføre arbeidet på eigen tomt. Dette vil også vere kostnadsbesparande.

Dersom ein grunneigar ikkje vil separere vil kommunen kunne ilegge ulike sanksjonar mellom anna tvangsgebyr etter forureiningslova eller tvangsgjennomføring av tiltaket.

I samband med separeringa vil kommunen undersøke dei private stikkleidningane etterkvart som dei vert gravd fram. Dersom det vert oppdaga at eksisterande privat vatn- eller avlaupsleidning er defekt må det utbetrast for eigar sin rekning utan tilskot. Det vil i alle tilfeller vere kostnadssvarande å gjere dette samtidig med separeringa.

Reglane om tilskotet ligg som vedlegg.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner reglar om tilskot til separering av private stikkleidningar i Grønlandsområdet i samband med kommunen sin separering av området. Reglane gjeld frå 01.01.2016.»

Formannskapet - 145/2015

FS - behandling:

Avrøysting:

Framlegg til vedtak fekk 4 røyster for, (2 AP, H, KrF), 3 røyster mot, (FrP, SP, V), og er såleis vedteke.

FS – framlegg til vedtak (mot 3 røyster):

«Kommunestyret godkjenner reglar om tilskot til separering av private stikkleidningar i Grønlandsområdet i samband med kommunen sin separering av området. Reglane gjeld frå 01.01.2016.»

